

Stor hjortestamme - rekordarta hjortejakt i Volda 2007.

For andre året på rad er det sett ny fellingsrekord på hjort i Volda, og med det første gong i historia at ein feller over 400 dyr.

I år enda jakta på 438 dyr, det er heile 41 dyr meir enn fjoråret, og ganske oppsiktsvekkande er det at ein aukar fellinga med om lag 10 % i høve til rekordåret.

For å få eit lite perspektiv på utviklinga : I 1990 vart det felt 142 hjort i Volda kommune, 17 år seinare er denne fellinga meir enn 3-dobla. Det seier det meste om utviklinga i hjortestamma i kommunen.

Fellingsprosenten er òg uvanleg høg, 87 %, i Volda kommune har vi aldri vore over 80 %.

Rekordjakta vart ein realitet sjølv om fleire av dei store valda ikkje har oppnådd tilfredstillande fellingsresultat. Det er derimot fleire fleire vald med svært gode resultat, m.a. Austefjord hjortevald som har heile 99 % felling. Dette er største hjortevaldet i kommunen, og grunna rekordfellinga la grunnlaget for totalresultatet.

Ein vil no gå gjennom resultatata og m.a. sjå på profilen i fellinga, dvs.alders- og kjønnsmessig felling. Det viktigaste med hjortejakta er at ein har ei stamme i balanse i alder og kjønn, og ikkje minst at stamma er passe i høve til beitegrunnlaget.

I januar vil rapporten frå det store beiteprosjektet som kommunene på søre Sunnmøre har under arbeid vere ferdig, ein vil då få eit mykje betre grunnlag for å vurdere om kommunene her har beitegrunnlag for den store hjortestamma – det er tilgang til vinterbeite som er avgjerande for ei hjortestamme i god kondisjon, seier Roger Nedreklepp i viltforvaltninga i Volda kommune.

Fellingsresultat hjort i Volda 2007

Fellings-	Hanndyr kalv	Hanndyr 1 1/2 år	Hanndyr eldre	Sum hanndyr	Hodyr kalv	Hodyr 1 1/2 år	Hodyr eldre	Sum hodyr	Sum	Fellings
løyver	kalv	1 1/2 år	eldre	hanndyr	kalv	1 1/2 år	eldre	hodyr		%
501	78	82	80	240	46	58	94	198	438	87